



VEKESBREV

FOR 1.TRINN

VEKE: 35

PLANAR PÅ TRINNET DENNE VEKA:

- Me byrjar med vekas bokstavar. Kvar veke vil elevane få jobba med to bokstavar, slik at me blir kjend med alle bokstavane i alfabetet før juleferien. Vekas bokstavar er: Ii og Ss
- Klassebamsen kjem tilbake frå sitt fyrste eventyr heime hos ein av elevane- me er spente på kva den har opplevd!
- Me prøver å få til ei samling med faddrane til elevane denne veka òg, det har nemleg vist seg å vere eit høgdepunkt for fleire!
- Me har høgtlesing i ete-økta.



VIKTIG Å HUGSE DENNE VEKA:

- Klassebamsen **må** bli med tilbake på skulen.
- Me kjem til å sende ut informasjon om tildelt tid for oppstartssamtale med kontaktlærer. Om tida du får ikkje passar forsøker du å bytte innbyrdes i gruppa.
- Sjekka at byte-kle kassen er fylt opp i garderoben.
- Hugs at den gule vesten skal vere på **før** skulestart.
- Meldingar om evt endringa i sfo/buss/henting sendes på Visma Flyt appen før kl 12 same dag og før kl 11 på onsdagar

